

KTV – notat nr. 29/2003 Bakgrunn for vedtak

Statkraft SF/		
Søker/sak:	Søknad om grunnvassuttak for settefiskanlegg i Eresfjord	
Fylke/kommune:	Møre og Romsdal/Neset	
Ansvarlig:	Rune Flatby	Sign.: <i>f an</i>
Saksbehandler:	Magne G. Verlo	Sign.:
Dato:	28 07. 2003	
Vår ref.:	NVE 200301707-3	KTV: 29/2003
Sendes til:		

Middelthuns gate 29

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95

Telefaks: 22 95 90 00

E-post: nve@nve.no

Internett: www.nve.no

Org. nr.:

NO 970 205 039 MVA

Bankkonto:

0827 10 14156

Innhold

Søknaden	1
Innkomne merknader	3
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader	4
NVE si vurdering og konklusjon	4
Konsesjonsvilkår	6

Søknaden

NVE har mottatte følgende søknad fra Statkraft:

"Søker:

Statkraft SF eies av staten, og er Norges største produsent av elektrisk kraft. Statkraft driver 55 kraftstasjoner og er medeier i ytterligere 36. Totalt har Statkraft SF ca. 1400 ansatte, og en årlig omsetning på 6,0 mrd. kr.

Statkraft eier 6 settefiskanlegg rundt i Norge, inklusive nedenfor nevnte anlegg, og er videre andelseier i 2 anlegg. Selskapet setter ut fisk i en rekke innsjøer/magasiner og vassdrag.

Smoltanlegget i Neset kommune hører inn under ansvarsområdet til Statkraft SF Region Midt Norge, som også er søker for uttak av grunnvann.

Hva det søkes om:

Det søkes i medhold av Vannressursloven av 24. november 2000 om tillatelse til uttak av grunnvann fra løsmasser til bruk i et etablert kultiveringsanlegg i Eresfjord. Det søkes om å få etablere to grunnvannsbrønner, med en pumpekapasitet på inntil 1,5 m³/min på hver pumpe. Vannmengden som brukes gjennom året vil variere.

Formålet er å etablere en sykdomsfri og sikker reserve samt kompletterende vannforsyning til kultiveringsanlegget i Eresfjord. Pålegget ved anlegget er 50 000 2-årig laksesmolt og 2 500 2-årig sjøørretsmolt av laks- og sjøørretstammen i Eira.

Eiendomsforhold:

Grunnvannsbrønnene er planlagt etablert på vestsiden av elven Eira. Brønnene vil bli liggende mellom Eresfjord kirke og Ugla elv. Lokalisering av grunnvannsbrønnene er foretatt (se vedlegg).

Tilstøtende eiendom er G. nr. 90, bnr. 1.2 tilhørende Kristen Thorhus og G.nr.91, bnr 1 tilhørende Petter Sira.

Beskrivelse av dagens situasjon og bakgrunnen for søknaden:

Settefiskanlegget er i dag delt inn i to enheter der første del av produksjonen foregår i Eresfjord og andre del foregår i Eikesdal (ca 30 km lengre opp i dalen). Produksjonssyklusen ved anlegget foregår ved at stryking av stamfisk skjer fra november til januar. Rogna legges inn i klekkeriet i Eresfjord, der roгна klekkes og fisken startføres. Yngelen går i dette anlegget frem til ca. 1. oktober samme år. Den flyttes deretter til Eikesdal for tilvekst. Fisken går i Eikesdalsanlegget i ca 1 ½ år da den er såkalt 2 års smolt. Smolten transporteres deretter til Eira for utsetting.

Statkraft SF eier og driver settefiskanlegget. Anlegget i Eresfjord ble etablert i 1956 og vannforsyningen er fra to overflatevann. Midlere årstilslig er 95 m³/min. Anlegget i Eikesdal ble etablert i 1964 pga for lite vann i Eresfjord til å klare hele produksjonen. Vannforsyningen i Eikesdal er et oppkomme.

Vi ønsker nå å samlokalisere anleggene i Eresfjord og Eikesdal til ett anlegg i Eresfjord, dermed trenger vi en ekstra vannforsyning som sikkerhet i de periodene med størst biomasse i anlegget.

Det har blitt foretatt undersøkelsesboringer etter grunnvann både i 1998 og 2003.

Undersøkelsene viser at det er tilstrekkelig med grunnvann til ønsket formål. Brønnene ønskes plassert i pkt 2 og ved undersøkelsesbrønn 7(vedlegg 1). Det vil bli foretatt langtidsprøvepumping senere d.å.

Det vil etableres et inntaksbasseng der en har mulighet for blanding av elvevann og grunnvann. Se vedlagte produksjonsplan.

Planstatus for området:

Det aktuelle området for etablering av grunnvannsbrønnene har status som LNF 3-område. Innenfor dette området skal det være forbud mot bygge- og anleggstilltak som ikke har tilknytning til stedbunden næring, kfr. PBL § 20 - 4, annet ledd, pkt C. Det har vært muntlig kontakt med kommunens miljøvernkonsulent, som stiller seg positiv til etablering i LNF-området.

Grunneiere:

Statkraft har hatt møter med grunneierne som stiller seg positive til etablering av grunnvannsbrønner i området. De stiller seg også positive til at vi etablerer en veianlegg frem til brønnene så fremt den går i eiendomsgrensen. Rørtrace vil legges over deres eiendom. Grunneier, Kristen Torhus, har også vært kontaktet angående nytt inntaksbasseng, ca 100 m over eksisterende inntak. Nytt inntaksbasseng etableres for å få full effekt av lufteanretningen som må til ved blanding av vann."

Som vedlegg til søknaden sende Statkraft ein statusrapport for utførte undersøkelserboringar og plan for vassbehov i kultiveringsanlegget.

Innkomne merknader

Søklar har utført undersøkingar knytt til m.a. kapasitet i grunnvasskjelda. NVE har valt å sende søknaden på ei avgrensa høyring, og søknaden med vedlegg er oversendt Nesset kommune og fylkesmannen i Møre og Romsdal pr. e-post 01.07.2003. Vi har motteke følgjande uttalar:

Nesset kommune, brev 09.07.2003:

"Kommunen har vurdert søknaden ut fra følgende forhold:

- *Kommuneplanen.*
- *Kommunale VA-ledninger og anlegg.*
- *Annen utnyttelse av grunnvannet i området.*

I henhold til gjeldende kommunedelplan for Eresfjord, er området hvor grunnvannsbrønnene er plassert, avsatt til LNF-sone 3. Innenfor et slikt område skal det være forbud mot bygge- og anleggstiltak som ikke har tilknytting til stedbundet næring.

Ettersom settefiskanlegget har eksistert i Eresfjord siden 1956, og at anlegget har stor betydning for utnyttelse av ressursene i Eira, er kommunens tolkning at anlegget kan aksepteres som tilnærmet stedbundet næring, og dermed ikke trenger dispensasjon fra gjeldende plan. Et moment i denne tolkningen er også, at tiltaket med stor sannsynlighet ville fått dispensasjon.

Søknad på tiltaket i henhold til plan- og bygningsloven er mottatt kommunen 08.07.03.

Anleggelse av brønnene vil ikke komme i konflikt med kommunale VA-ledninger, men tilførselsledning mellom brønner og anlegg vil krysse kommunale vannledninger.

Det er ikke registrert private avløpsanlegg i umiddelbar nærhet.

Kommunen har ikke kjennskap til planer om annen utnyttelse av grunnvannet i området hvor brønnene er omsøkt."

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, e-post 02.07.2003:

- *"Fiskeanlegget i Eresfjorden skal oppgraderes slik at anlegget i Eikesdalen kan legges ned. Dette innebærer at Eresfjordanlegget framtidig vil ivareta et utsettingspålegg på 50.000 2-årig laksesmolt og 2.500 2-årig sjøørretsmolt.*
- *Vannforsyningen til Eresfjordanlegget - som til nå har vært basert på inntak i sideelva Ugla og regulering i Turhusvatnet (353) og Solhjellvatnet (?).- også framtidig skal baseres på Ugla, men det skal etableres et nytt inntak lenger opp i elva og dessuten tas i bruk 2 grunnvassbrønner ved Eiras bredd.*

En foreløpig vurdering tilsier at de planlagte grunnvassbrønnene virker uproblematisk slik de er lokalisert, men at det kanskje bør skje en gjennomgang av vassdragsforvaltningen av Ugla, inklusive dagens reguleringsmagasin. Eventuelt kan en slik gjennomgang resultere i at det bør fastsettes vilkår på grunnlag av en konsesjonsprosess etter vassressursloven.

For ordens skyld må vi ellers orientere om at Eresfjordanlegget for tiden også er til vurdering hos fylkesmannen i henhold til laks- og innlandsfiskeloven og forurensningsloven.. Vurderingene i denne

sammenheng, bl.a. spørsmålet om vannbehandling og utslippsted, må tas med i den videre vurderingen av denne saken."

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader

Statkraft søker om løyve etter § 8 i vannressurslova til uttak av grunnvatn til produksjon av settefisk.

Søknaden omfattar etablering av to grunnvassbrønner like ved elva Eira sydaust for Eresfjord kyrkje. Det vert søkt om uttak av inntil 25 l/s eller 1,5 m³/min pr. brønn. Vatnet skal først inn i eit nytt leidningssystem over ei strekning på om lag 700 m med pumping opp til nytt inntak i Ugla

Etter vannressurslova § 45 er uttak av grunnvatn konsesjonspliktig dersom uttaket er større enn det som vil vere vanleg for den naturlege bruken/utnyttinga av eigedomen.

Bakgrunnen for vassuttaket er planane om samlokalisering av Statkraft sine setjefiskanlegg i Eresfjord og Eikesdal. Anlegga er oppbygde som følgje av reguleringa av Eiravassdraget, og produserer laks- og auresmolt for utsetjing i vassdraget. Hovudvasskjelda til setjefiskanlegget er sideelva Ugla som får tilført vatn frå Turhusvatnet og Solhjellvatnet. Begge vatna vert regulert for formålet. Dei seinare åra har kombinasjonen med liten vassføring og temperaturauke på vatnet om sommaren medført forringa leveforhold for yngel og smolt. For å avhjelpe dette problemet vurderer Statkraft uttak av grunnvatn som eit aktuelt tiltak. Grunnvassuttaket vil vidare vere eit supplement til hovudvasskjelda.

Statkraft igangsette prøveboring i det aktuelle området i vinteren 1998 med ein brønn, og i regi av firmaet Asplan Viak er det gjennomført registreringar og kartlegging av kjelda m.o.t. kapasitet og kvalitet over ein periode på om lag 5 månader. Boringane er gjort i lausmassar av sand og grus og resultatene viser god kvalitet og ein kapasitet på ca. 29 l/s. Langtidskapasiteten er utrekna til ca. 25 l/s.

Etter regulering og overføring i vassdraget midt på 1950-talet viser dei hydrologiske registreringane ved utløpet av Eikesdalsvatnet ei årleg middelvassføring på 16,5 m³/s.

Tiltaksområdet ligg i LNF-område i kommuneplanen, og dannar i dag overgangen mellom jordbruksareal og elva. I tiltaksområdet er terrenget flatt med elva rennande tilnærma stilleflytande på strekninga.

Statkraft har drøfta grunnvassuttak og plassering av brønner med grunneigarane, som ikkje har spesielle innvendingar mot tiltaket.

Verken Nasset kommune eller fylkesmannen i Møre og Romsdal har innvendingar mot tiltaket. Fylkesmannen ønskjer at vassdragsstyresmakta ser nærmare på om det kan vere aktuelt å gjennomføre ei konsesjonshandsaming etter vannressurslova for Ugla og magasina i Turhusvatnet og Solhjellvatnet for m.a. fastsetjing av konsesjonsvilkår.

NVE si vurdering og konklusjon

Formålet med grunnvassuttaket er å utnytte grunnvatnet som ein regulator for temperaturen på vatnet frå overflatekjelda ettersom grunnvatnet har ein relativt jamn temperatur (6-7⁰ C) gjennom året. På varme sommardagar kan vatnet i Ugla kome opp i ein temperatur på 15- 16⁰ C og ned mot 2-3⁰ C på kalde vinterdagar. I tillegg kan grunnvatnet nyttast som eit supplement til eksisterande vasskjelde i Ugla i periodane av året denne kjelda har avgrensa tilsig.

Med dagens opplegg er vekstperioden på 2,5 år før fisken blir sett ut i elva, fordelt omtrent med eitt og to år høvesvis i anlegga i Eresfjord og Eikesdal. I den framtidige situasjonen med heile produksjonen lokalisert til Eresfjord vil ein få tre årgangar i anlegget. Vasstrongen for det utvida anlegget varierer over året, frå ca. 1600 l/min (27 l/s) i november/desember og opp til knapt 4200 l/min (70 l/s) når biomassen er på det største i mai/juni, og før utsetjinga av den 2-årige smolten. Ved å samle all fisk i Eresfjord vil ein også få eit forholdsmessig større vasstrong i anlegget ettersom det er den eldste og mest vasskrevjande fisken som blir flytt til Eresfjord. Maksimalt omsøkt grunnvassuttak er 50 l/s frå to brønnar.

Frå Statkraft har NVE fått opplyst at det ikkje er gjennomført registrering av vassuttaket frå elva Uгла. Det er ikkje lagt ved søknaden hydrologiske opplysningar om elva. NVE forstår det slik at Uгла skal vere hovudvasskjelde også etter samlokaliseringa av anlegga, og at grunnvassuttaket vil bli eit viktig tilskot til det ordinære vassuttaket frå denne elva.

Prøvepumpinga har vist mindre endringar i grunnvassnivået. Lokaliseringa av brønnane nær elva og lett gjennomtrenglege grusmassar tilseier relativt raskt tilsig av nytt vatn inn i brønnsona. Brønnane blir plassert forholdsvis nær kvarandre med omlag 60 m avstand. Det er såleis grunn til å tru at eit maksimalt grunnvassuttak som omsøkt over fleire dagar kan medføre at grunnvassnivået lokalt omkring brønnane vert senka under rotsona til kantvegetasjonen langs elva. Dette kan særleg slå negativt ut i periodar utan nedbør. Det vil såleis vere ei viss usikkerheit knytt til den lokale vassbalansen i området.

Det samla grunnvassuttaket må karakteriserast som marginalt i høve til middelvassføringa i Eira. Vasstanden i elva blir tilnærma upåverka av uttaket, og vil etter vår vurdering derfor få ubetydleg verknader for fysiske, kjemiske og biologiske tilhøve i elva.

Det ligg dyrka mark inntil brønnområdet. I dei kjemiske analysane av grunnvatnet er det ikkje funne større spor av forureining som følgje av tilsig frå kulturmark. Også for dyrka marka kan konsentrert grunnvassuttak over eit lenger tidsrom senke grunnvasstanden under rotsona. Arealet som kan bli påverka er imidlertid av avgrensa storleik. Jordbruksarealet ligg ved og ovanfor den øverste brønnen slik at elva truleg delvis påverkar grunnvatnet for dyrka mark før det kjem inn i brønnen sitt lokalområde.

Tiltaksområdet ligg så nær elva at det vil vere synleg for dei som nyttar Eira til rekreasjon og fiske. Det er teke sikte på å oppretthalde eit vegetasjonsbelte mellom elva og brønnane. Dei synlege inngrepa er avgrensa til inngjerding av brønnstad med pumpehus. NVE meiner dei tekniske innstallasjonane får svært liten verknad for opplevinga av elva og nærområdet, og vil ikkje hindre den frie ferdselen langs elva.

På grunnlag av at ein kan pårekne eit vassutak oppunder det som er omsøkt om sommaren/tidleg haust og prøveboringa som ligg til grunn i søknaden er gjort i vinterhalvåret, meiner NVE at ein ikkje har tilstrekkeleg oversikt over konsekvensane for vassbalansen over året omkring brønnane. Særleg vil det vere viktig å kunne registrere ev. verknader for vegetasjon lokalt og kartlegge det faktiske influensområdet i samband med grunnvassuttaket. Dei samla verknadane av tiltaket for allmenne interesser er derfor etter vårt syn til ei viss grad usikre. NVE finn derfor grunnlag for at omfanget av grunnvassuttaket kan takast opp til vurdering dersom verknaden for allmenta skulle tilseie det.

I høve til signalet frå fylkesmannen om ev. å sjå nærmare på forvaltninga av Uгла med reguleringsmagasin vil dette måtte takast opp som ei eiga sak på eit seinare tidspunkt. Lokale styresmakter og organisasjonar/interessegrupper kan gjennom faglege innspel be NVE vurdere om det er grunnlag for å kalle vassdragstiltaket inn til konsesjonhandsaming, jf. vannressurslova § 66 3.ledd.

NVE føreset at tiltakshaver tek initiativ til og ordnar forholda til private interessene som ev. får skader/ulempar pga. tiltaket

NVE viser for øvrig til vannressurslova § 46 2.ledd som pålegg tiltakshavar å melde frå til Norges geologiske undersøkelser om grunnvassboringa seinast 3 månader etter fullført boring.

På bakgrunn av ovanstående konkluderer NVE med at omsøkt grunnvassuttak kan gjennomførast i medhald av § 8 i vannressurslova. NVE gjev Statkraft løyve til grunnvassuttak som omsøkt.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

Post 1

Statkraft kan til å ta ut inntil 50 l/s fordelt på to brønner lokalisert ved Eira sydaust for Eresfjord kyrkje i Eresfjord, Nesset kommune. Uttaksvolumet kan takast opp til ny vurdering etter 5 år frå løyvedato.

Post 2

Det skal utarbeidast eit program for oppfølging og overvaking av uttaket dei 5 første åra. Programmet skal godkjennast av NVE, og m.a. innehalde tidspunkt for uttak med volum og lengd på pumpeperiode. Vidare skal det inngå registrering av grunnvasstanden rundt brønnane i pumpeperiodane.

Statkraft er forplikta til å redusere eller eventuelt stoppe uttaket dersom det vert registrert uforutsette negative konsekvenser av tiltaket.

Post 3

Statkraft har ansvar for ev. konsekvenser for jordbruksaktivitet og for andre private interesser som ev. blir påført skader/ulempar.

Post 4

Teknisk plan med lokalisering av borebrønner og vassleidningar skal utarbeidast i samarbeid med Nesset kommune og godkjennast av NVE.

Post 5

Godkjenning av planar og tilsyn med utførelse og seinare vedlikehald og drift av anlegg og tiltak som går inn under denne post er tillagt NVE. Utgiftene i tilnyting til dette skal dekkast av Statkraft.

Statkraft plikter å legge fram for NVE detaljerte planar med nødvendige opplysningar, utrekningar og kostnadsoverslag for anlegga. Arbeidet kan ikkje setjast igang før planene er godkjende. Anlegga skal utførast solid, minst mogeleg skjemmende og skal til ei kvar tid haldast i full driftsmessig stand.

Statkraft pliktar å gjennomføre ei forsvarleg opprydding av anleggsområda. Oppryddinga må vere ferdig seinast 2 år etter at vedkomande anlegg eller del av anlegg er sett i drift.

Post 6

Statkraft kan påleggast å utføre og dekke kostnadene med etterundersøkelser av tiltaket sine verknader for berørte interesser. Undersøkelsesrapportane med tilhøyrande materiale skal stillast til rådvelde for det offentlege.

Post 7

For brot på bestemmelsene i konsesjonen eller andre fastsett i lova eller i medhald av lova kan NVE fastsetje ei tvangsmulkt på inntil kr. 100 000 pr. dag eller inntil kr. 500 000 for kvart brot. Pålegg om mulkt er tvangsgrunnlag for utlegg.